

Gjermund Dale
Bjørnstadvegen 169
5918 Frekhaug

29.01.2018

Meland kommune
Att Marius Flemmen Knudsen
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tidsbegrensa omdisponering av dyrka mark

Viser til telefonsamtale torsdag 25. januar.

Eg ønskjer for ein tidsbegrensa periode på 15 år å nytta om lag 2 da overflatedyrka mark til produksjon av juletre. Område er markert på vedlagt kart.

Dagens produksjon foregår hovusakleg nedanfor Dalesvingane. Her har me dyrka juletre for salg sidan 1980. Først av far min, Trond Dale, og frå 2001 av meg sjølv. Årleg omsetning er om lag 4-500 juletre. Noko av arealet som blir brukt er så bratt og kupert at det ikkje er mogeleg å bruka slåmaskin eller andre sjølvgåande maskiner til ugrasreinhald eller gjødsling. Godt stell av plantekulturen er avgjerande for å få den nødvendige kvaliteten på juletree. På desse vanskelege areala blir alt stell av plantana gjort for hand. Dette er tungt og tidkrevjande. Eg ønskjer å leggja til rette for ei lettare og meir effektiv drift. Dette kan eg opppnå ved å flytte den tungdrivne produksjonen til eit flatare og meir egna terreng. Områda som blir fasa ut av juletreproduksjonen kan stort sett slåast saman med eksisterande sauebeiter - noko dei er godt egna til.


Området eg har sett meg ut har lett tilkomst for traktor. Dette gjer transport av slåmaskin og gjødsel enkel. Felling og uttransport av ferdige juletre blir også lettvind med korte avstander som tree må slepast for hand. Planting og hausting vil skje gradvis over fleire år.

Juletree blir felt ved ca 2 – 2,5 meters høgd og har då relativt små røter. Desse er enkle å fjerna ved tilbakeføring av arealet til dyrka mark igjen.

Mvh
Gjermund Dale



Nytt areal litt tett ved Bjørnestadvegen.



Tungdrive areal ved Dalesvingane